

**Til**

Norges vassdrags- og energidirektorat – NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

3. mars 2023

Fråsegn til konsesjonssøknad for Mauranger 2 kraftverk med Blådal og Svartedal pumpestasjonar med overføringar

Eit kraftprosjekt til nærare 4 milliardar kroner må vurderast i eit breiare samfunnsøkonomisk perspektiv. Me ynskjer å leggja fram informasjon og vurderingar som bør ha stor verdi i konsesjonshandsaminga.

Mauranger

Mauranger er ein liten, særmerkt fjordarm i Hardangerfjorden. Mauranger er fjordnoreg i miniatyr. Her finst, eller har funnest, alle dei mest verdfulle kvalitetane ved norsk fjordnatur. Og det i høgste klasse nasjonalt sett. Dette er årsaka til Mauranger si tiltrekking på reisande frå siste halvdel 1800-t til 1914 og i dag, då brått talet på turistar i Bondhusdalen eksploderte for 3 år sidan. Det er heilt avgjerande å kjenna Mauranger når ein skal ta stilling til eit slikt enormt stort kraftprosjekt som Mauranger 2.

Reiseliv. Friluftsliv

Mauranger gav turisten noko av det ypperste av norsk natur. Tre gange- og ridevegar vart bygd for turen over Folgefonna. Tysk og norsk turistforeining støtta med pengar. Sundal pensjonat vart bygd. Seinare har DNT etablert tre hytter her. Tre store fossar, to blant dei 25 høgste i Noreg. Bondhusbreen, kanskje Noregs vakraste brefall, og isbreen som kalva i Juklavatn.

Øydeleggingar og påkjenningar

Folgefonnanlegga innebar ei enorm øydelegging av natur. Økonomisk verdiskaping skal ikkje takast opp her. Anlegget strekkjer seg 3 mil frå Bondhusdalen og heilt mot nordgrensa av tidlegare Jondal kommune. Dette er om lag like langt som Folgefonna sjølv, Noregs tredje største isbre. Seks vassdrag er berørte, fire store fossar er borte. Så seint som i 2005 fekk Statkraft konsesjon til overføra Kvangrevatnet, eit lite vatn, men tiltaket gjorde inngrep i eit då urørt vassdrag. For bygdene i Mauranger var anleggstida på 1970-talet den største hendinga nokosinne. Og Mauranger var ikkje lenger veglaus. I Jondal var óg anleggstida ei storhending.

Sidan 1990-talet har det føregått nesten samanhengande store anleggsarbeid i Mauranger. Fyrst Folgefonntunnelen, så Jondalstunnelen og no Krokattunnelen, med lagring av store tunnelmassar i Austrepollen. Snart kjem tunnelarbeid mellom pollane, og kjem Mauranger 2 vert det anleggsarbeid i periodevis 15 år fram i tid. Stor gjennomgongstrafikk har endra Mauranger. *Me ber NVE ta med i vurderinga av Mauranger 2 denne store påkjenninga frå anleggsarbeid på naturen og bygdene i Mauranger.*

Folgefonnaanlegga ligg i Hardanger, eit område der vasskraftutbygging har sett veldige avtrykk i landskapet. Sima, Blåfalli, Tyssedal/Tysso 2 saman med Folgefonnaanlegga produserer om lag 7000 GWh med ein effekt på om lag 2000 MW. I tillegg har rundt 100 småkraftverk fått konsesjon i kommunane i Hardanger, Kvinnherad og nordlege delen av Etne. Mauranger er ikkje noko unntak, det finst ingen elvar att inni sjølve fjorden som ikkje er berørte av kraftverk. *Denne enorme påkjenninga for vassdragsnaturen rundt Folgefonna og i Hardanger må få betydning i NVE si vurdering av Mauranger 2.*

Vedtak og avtalar som bør vektleggast. Konsekvensar av desse.

1. FN's avtale om 30 % vern av natur innan 2030 vil få stor betydning for arealforvaltninga. Det kjem i år ei stortingsmelding som skal gi retningslinene. I dag er 17 % høgfjellsnatur verna i Noreg. Ikkje langt frå like mykje skal altså forvaltast på ein liknande måte innan 2030. *Dermed bør NVE si vurdering av Mauranger 2 avspeгла at vernet rundt Folgefonna må utvidast.*

2. EU sitt vassdirektiv er viktig for ei berekraftig forvaltning av vassdraga. I fjor kom ein kraftig reaksjon i vasskraftmiljøet i Noreg sidan det ser ut til at EU ikkje lenger vil kategorisera stordelen av norsk vasskraft som "heilt grøn". Dette kan få vesentlege følgjer for skattelegging og dermed investeringsvilje. EU har fleire krav, mellom anna at det skal vera meir vatn att i utbygde elver. *Dei krava som EU stiller til grønne energiprojekt kan me ikkje sjå er gjort tydeleg greie for i konsesjonssøknaden. Det må vera ein føresetnad at EU sine krav til berekraftig grønne energiprojekt må oppfyllest.*

3. Me er i FN sitt tiår for naturrestaurering. Dette bør sjølvsagt visa att i eit så omfattande prosjekt som Mauranger 2. *Ein passande del av tidlegare utbygd område må derfor restaurerast attende til inngrepsfri natur.*

4. Til sist her: Konsesjonen frå 2012 med overføring Blådalsvatn til Juklavatn er i dag utgått/borte. *Me ber NVE vurdere Mauranger 2 "med nye augo", og sjå på konsesjonen frå 2012 som ikkje-eksisterande. Vektlegging av inngrepsfri natur/areal har vorte styrka mykje sidan 2012.*

Forslag til endringar i Mauranger 2 og kommentarar til verknader for naturen

1. Området mellom Hundsøyri, Hardingaskaret, Markjelke/Svartedalsvatn og Midtre Kvitnadalsvatn er i dag urørt. Her ynskjer Statkraft å gjera inngrep i Insta Bukkaspelvatnet og i Floetjørnane. Desse to tiltaka tek bort eit stort inngrepsfritt høgfjellsområde. Det er eit svært godt område for friluftsliv sommar og haust, ikkje berre viktig for vinter- og vårskiturar. *Tiltaka i Insta Bukkaspelvatn og i Floetjørnane må takast ut av Mauranger 2.*

2. Frå Svartedalsvatn til Midtre Kvitnadalsvatn skal det byggjast kraftlina. Dette er eit stort inngrep i dalføret som i dag ikkje har større tekniske inngrep, men sjølvsagt er prega av tappinga av Blådalsvatn. Me er óg kritiske til bekkeintaket ved planlagd luftesjakt Blådalen. Sidan elva frå Blådalsvatnet ofte er borte, særleg i tida for vårskiturar, oppleves området Midtre Kvitnadalsvatn ganske så "daudt". Derfor er gjenverande rennande vatn viktig for naturopplevinga her. *Ny kraftlina nordover frå Midtre Kvitnadalsvatn vil medføre ein sterk auke i inngrepa her og må ikkje byggjast. Nytt bekkeinntak ovanfor Midtre Kvitnadalsvatn må óg takast ut av Mauranger 2.*

3. Ein av dei mest kjende vårskiturane i landet er *Folgefonna på langs*. Fleire andre fråsegner vil nok visa tydeleg at den føreslegne reguleringa av Midtre Kvitnadalsvatn truleg vil setja ein stoppar for denne vakre skituren. Me har opplevd farlege situasjonar ved passering når isforholda har vore dårlege. *Mauranger 2 MÅ ikkje medføre at vanskane vert større ved passering Midtre Kvitnadalsvatn.*

4. Ein av dei mest populære skiturane før Folgefonnaanlegga kom, var over isen på Juklavatn til Folgefonna. På stølane i Krossdalen og Jondal var det fullt av folk i påskehelga, og turen var kvar dag mot Juklavatn og opp på fonna. Turen var populær frå Mauranger óg, opp Smalaskaret. Fotografen Knud Knudsen sitt portrett frå 1880-talet av Juklavatn med fonna bak er storslått, og eit foto av

brearmen ned i Juklavatn hang på veggen i dei fleste heimar i Jondal før. Det aller fyrste beskrivinga av Folgefonna i DNT sine årbøker, er frå Juklavatn og Skyrdalsfossen i 1880-åra. Vona har vore at den komande vilkårsrevisjonen skulle gi endringar i manøvreringsreglementet slik at isen på Juklvatn ved påske og tidleg vår atter kan brukast. *Mauranger 2 med sterk auke i pumping av vatn opp i Juklavatn og betydeleg auka effektkøyring av kraftverket set ein stoppar for betring av forholda for skiturar over Juklavatn.*

Mauranger 2 – eit framtidsretta vasskraftprosjekt?

Det me ovanfor har nemnd, meiner me tilseier at Mauranger 2 ikkje bør få konsesjon.

Me tvilar sterkt korleis/om ei investering på nesten 4 milliardar kroner med ein kraftgevinst på 70 – 80 GWh kan forsvarast samfunnsøkonomisk. Ein stor effektauke og sal av kraft ved høg pris kan heller ikkje forsvare dei skadane naturlandskapet vert påførte av Mauranger 2. Dette vert lite diskutert i søknaden frå Statkraft.

Dersom Mauranger 2 skulle vore framtidsretta, måtte prosjektet gi attende eit vesentleg område med verdfull natur som i dag er skada av tidlegare inngrep. Dette kunne vore realisert gjennom å ta bort tappinga av/tappetunnelen i Blådalsvatn. Reguleringa av Blådalsvatn øydelegg i dag naturopplevinga i eit stort omkringliggende urørt høgfjellsområde.

Nasjonalparkgrensa er her trekt uvanleg langt aust på grunn av reguleringa av Blådalsvatn, nesten til vasskilje mot Odda. Hadde reguleringa av Blådalsvatn vorte avslutta, kunne Folgefonna nasjonalpark utvidast vestover heilt til Hardingaskaret og ned mot høgdena ovanfor Markjelke og til inste delen av Øyresdalen. Kanskje kunne tunnelmassane vore nytta til auka høgda på dammen/storleiken på magasinet i Svartedalsvatn.

Naturrestaurering burde heilt klart vere ein del av alle nye kraftprosjekt.

Konsesjonshandsaminga av Mauranger 2 bør utan tvil samkøyrast med vilkårsrevisjonen for Folgefonnaanlegga. NVE bør ikkje gi løyve til tiltak i Mauranger 2 som kan koma i vegen for optimale miljømessige resultat i vilkårsrevisjon for Folgefonnaanlegga. *Eit eksisterande kraftanlegg slik som det ligg i dag, med delområde frigitt til naturrestaurering og sterke forbetringar i miljøtilstand for alle vassdraga under Folgefonnaanlegga, ville gitt eit vasskraftverk som med rette kunne kallast moderne.*

Til slutt vil me ha sagt at skulle Statkraft koma opp med tankar om andre nye inntak av vatn frå bekker, tjødnar og vassdrag som ikkje er beskrivne i konsesjonssøknaden, vil me sjå på dette som heilt uaktuelt.

Naturvernforbundet stiftar no i vår Naturvernforbundet Hardanger. Sidan dette enno ikkje er formelt er danna, skriv Naturvernforbundet i Kvam under her. Fråsegna er utarbeidd óg i samarbeid med sentrale personar som gjennom 40 år har brukt området til friluftsliv, er sterkt knytta til Mauranger og Folgefonna og kjenner landskapet betre enn dei fleste.

Naturvernforbundet i Kvam

Klaus Rasmussen

Bård Kråkevik

Oddvar Soldal